

Agder Historielag

Postboks 136
4662 Kristiansand S
bankgiro 3000.20.36165
agder@historielagene.no
Mobil 458 65 237



Protokoll

Styremøte i Agder Historielag

21. januar 2019, kl 16:00-19:00

På Arkivet freds- og menneskerettighetssenter, Kristiansand.

- Til stades: Arna Berg, Birgit Attestog, Eilert Skjævestad, Morten Aslaksen, Kurt Sandman, Helge Røed, Anne Tone Aanby og organisasjonssekretær Kim Bredesen.
- Forfall: Hans Christian Lund og vararepresentant Ragnhild Høydal.
- Sak 01/19: **Godkjenning av innkalling og saksliste.**
Samrøystes godkjent.
- Sak 02/19: **Godkjenning av protokoll frå møtet 26. november 2018.**
Samrøystes godkjent.
- Sak 03/18: **Tilsetting av organisasjonssekretær for Agder Historielag.**
Stillinga blei lyst ut med søknadsfrist 21. desember og inntil 40 % stilling. Det kom inn 16 søknader, 7 av søkjarane blei kalla inn til intervju. Arbeidsutvalet/intervjuutvalet la fram innstilling.
Samrøystes vedtak:
Styret godkjenner innstillinga frå intervjuutvalet.
- Sak 04/19: **Val av ny revisor for Agder Historielag.**
På årsmøte i Agder Historielag 20.04.16 fekk styret fullmakt til å velja ein eventuelt rimelegare revisor. For 2017 blei det fakturert kr. 13 000,- til Agder Kommunerevisjon IKS. Det er eit lite og enkelt rekneskap, men må likevel bruka godkjent revisor. Det er sendt førespurnad til revisjonsfirmaer. Team Revisjon AS i Mandal har gjeve tilbod om å revidera rekneskapet for kr. 10 000,- (inkl moms), og vil kunna gjera det raskt utan vesentleg ventetid.
Samrøystes vedtak:
Styret vel Team Revisjon AS til å revidera rekneskapet for Agder Historielag.
- Sak 05/19: **Revisjon av vedtektene til Landslaget for lokalhistorie.**
Høyringsbrevet sendt styremedlemane 6. januar.
Samrøystes vedtak:

Styret tek revisjon av vedtektene til etterretning.

Sak 06/19: **Årsmøtet 2019**

Årsmøtet er fastsett til Laurdag 27. april på Revsnes Hotell. Til den faglege delen har ein to tema å arbeida vidare med. Det eine er samarbeidet som Aust- og Vest-Agder har digitale bilete, foto og arkivering. Ordninga ein har innført at to lokallag presenterar seg på kvart årsmøte kan koplast til dette. Det andre er prosjektet "Lokalhistorie i skolesekken" ved prosjektleiar Ingrid Synnøve Østvang, ho kan og bidra med folketonar som kulturelt innslag.

Sak 07/19: **Haustmøtet 2019.**


Ein bør samordna haustmøtet med Agderseminaret og kjem tilbake til det.

Sak 08/19: **Den årlege turen**

Den årlege turen er planlagt til Mjøsområdet. Informasjon om turen bør vera i første nummer av Egdemagasinet og på årsmøtet.

Sak 09/19: **Orienteringssaker**

- Status økonomi.
- Forskarnettverk Agder som arrangerar Agderseminaret har sett torsdag 17. og fredag 18. oktober som foreløpig dato for seminaret.


Arna Berg
Leiar